

Kommunereforma

Regionkommunen Ålesund Stranda og Sykkylven kommune

Folkemøte i Sykkylven kommune

27 og 28. april 2016

Erlend Krumsvik

Regionrådets rolle i kommunereformen

- Vedtak i styret og representantskapet:
«regionrådet skal ha en offensiv rolle»
- Bidra til å styrke kommunenes kapasitet og kompetanse til å møte reformen på en best mulig måte
 - Møteplasser/prosessarbeid
 - Kunnskapsproduksjon
 - Kunnskapsformidling
- Arbeidet finansieres av fylkesmannen



Intensjonsavtale

Regionkommunen Ålesund

- Intensjonsavtalen er framforhandla av forhandlingsutvala til fylgjande kommuner:
 - Ørskog, Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Sula, Skodje, Stordal, Sykkylven, og Ålesund.
- Avtalen blir lagt fram for dei respektive kommunestyra til endeleg behandling i juni 2016.

Stranda og Sykkylven kommune

- Forhandlingsutvala i Stranda og Sykkylven kommunar har etter oppdrag frå kommunestyra utarbeidd forslag til intensjonsavtale.
- Avtalen blir lagt fram for dei respektive kommunestyra til endeleg behandling i juni 2016.

Intensjonsavtale

- Overordna målsettingar med intensjonsavtalen:
 - Søke det beste for innbyggjarane og næringslivet.
 - Legge til rette for langsiktig samfunnsutvikling
 - Legge strategiske føringar for fellesnemnda

Kapittel 2

Kommunenamn, symbol og målbruk

Regionkommunen Ålesund

- Namnet på den nye kommunen blir Ålesund.
- Det blir laga nytt kommunevåpen og ordførarkjede.
 - Det er ikkje til hinder at Ålesund som by kan halde fram med å bruke sitt våpenmerke.
- Kommunen skal ha nynorsk som målform

Stranda og Sykkylven kommune

- Forslag til navn på den nye kommunen er Stranda og Sykkylven kommune.
 - Fellesnemnda får i oppdrag å arbeide vidare med namnespørsmålet.
- Det blir laga nytt kommunevåpen og ordførarkjede.
- Det vert opp til fellesnemnda å finne ein god arbeidsmåte for denne prosessen.

Kapittel 3

Visjon

Regionkommunen Ålesund

- Vere sterkare motvekt mot sentralisering til dei store landsdelssentra (Oslo, Bergen, Trondheim mv.)
- Drive meir heilskapleg og overordna planlegging
- Få på plass framtidretta løysingar for samferdsel som vil binde regionen saman
- Ha større tyngde som pådrivar for å styrke forskings- og utdanningsinstitusjonane
- Arbeide strategisk som medspelar for å styrke og utvikle næringslivet og nyskaping i regionen
- Få større kapasitet til å vere innovativ og tenke strategisk for nyskaping
- Arbeide aktivt med å førebygge og handtere kriser og katastrofar
- Ta ansvar for nye oppgåver som krev spisskompetanse
- Utvikle kvaliteten på tenestene og servicen til innbyggerane.
- Styrke og utvikle mangfaldet i kulturlivet
- Regionkommunen Ålesund skal vere det urbane midtpunktet mellom Bergen og Trondheim.

Stranda og Sykkylven kommune

- Vi skal utvikle ei framtidretta kommune bygd på lokal identitet.
- Vi skal sjå heile livsløpet i eit folkehelseperspektiv.

Kapittel 3

Visjon og motto

Regionkommunen Ålesund

- Visjon
 - Nasjonal slagkraft, regional attraktivitet, og lokal identitet
- Motto
 - Det vi skal, skal vi vere gode til. Det vi vil, skal vi tore å gjere noko med.

Stranda og Sykkylven kommune

- Visjon
 - Skaparglede mellom fjell og fjord

Regionkommunen Ålesund

Prinsipp for samanslåingsprosessen

- Kommunane som vil byggje Regionkommunen Ålesund, er likeverdige. Ein heilt ny kommune skal etablerast, bli drifta og vidareutviklast med utgangspunkt i dei tidlegare kommunane sin styrke og særtrekk.
- Samarbeidet om bygging av ein ny og kramtidsretta kommune skal vere prega av likeverd, rausheit og forståing for kvarandre sin ståstad.
- Lokal identitet og nærdemokrati skal vere høgt prioritert.
- Berekraft og nyskaping skal ligge til grunn for utviklinga i den nye kommunen.
- Så snart kommunane har fatta vedtak om samanslåing, skal det setjast ned ei fellesnemnd med eige mandat.

Regionkommunen Ålesund

Organisering, arbeidsformer og digitalisering

- Regionkommune skal bygge på framtidens modellar for arbeidsdeling og samhandling. Dette føreset:
 - Ein organisasjonsstruktur og arbeidsformer som balanserer strategiutvikling og operativt arbeid.
 - Utvikling av ny politikarrolle og nye former for politikktutforming.
 - Tverrfagleg og nettverksbasert organisering av administrasjon og tenester.
 - Nettverk- og partnerskap med næringsliv og frivillige.
 - Innbyggarmedverknad i periodar mellom val.
 - Regionkommunen Ålesund skal vere ein føregangskommune knytt til digitalisering og teknolgibasert utvikling av tenestene.
 - Metodisk og systematisk bruk av ny teknologi som stimulerer til nye arbeidsformer, effektiviserer arbeidsmetodar, og internt så vel som eksternt kommunikasjon.

Samfunnsutvikling

Regionkommunen Ålesund

- Regionkommune Ålesund skal vere i stand til å posisjonere Ålesund som by, og regionen som attraktiv kvardagsregion for dagens og framtidas innbyggjarar.
- Det skal vere ein klar strategi for å utvikle alle geografiske området i den nye kommune.
- Kommunen skal nå opp i nasjonale prioriteringar i samferdsleprosjekt og kollektivløysingar som vil knyte kommunen saman.

Stranda og Sykkylven kommune

- Skape ei vekstkraftig kommune som er ein attraktiv lokaliseringsstad for næringsverksemd og sentrale tenester.
- Være ein framtidsretta utviklingsaktør.
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen.
- Sterkt fokus på framtidsretta næringsutvikling.
 - Nytt næringskontor lokalisering i Stranda med godt fagmiljø for næringsretta plan- og utviklingsarbeid.
- Skal lage ein ny og offensiv næringsplan for kommunen.

Regionkommunen Ålesund

Samfunnsutvikling

- Kommunen skal vere i stand til å møte dei store utfordringane i samfunnet, gjennom prioriterte strategiar:
 - Miljøstrategi i samsvar med det grønne skiftet
 - Folkehelsestrategi i samsvar med dagens og framtida sine utfordringar om levekår
 - Tenesteutvikling- og innovasjonsstrategi som møter framtida sine demografiske utfordringar
 - Legge til rette for nyskaping i næringslivet

Regionkommunen Ålesund

Samfunnsutvikling

- Infrastruktur
 - Borgundfjordkryssing
 - Hamsundsambandet
 - Storfjordsambandet
 - Nordøyvegen
 - Bødalslina
 - Hafast
- Andre
 - Etablere nasjonal hamn for marine og maritime næringer
 - Ålesund lufthamn som hovudflyplass mellom Bergen og Trondheim
 - Næringsklynger skal vidareutviklast, og det skal leggest til rette for nye næringer
 - Sikre Ålesund sjukehus
 - Vidareutvikle Campus Ålesund
 - Digital infrastruktur i heile kommunen

Stranda og Sykkylven kommune

Infrastruktur (veg/kommunikasjon)

- Den nye kommunen skal ha Storfjordsambandet som ei hovedsatsing.
 - Dette omfattar:
 - Tunell Hole – Engeset
 - Bru over Storfjorden og naudsynte tilknytningsvegar
- I tillegg skal ein fokusere på:
 - Rassikring Eidsdal – Geiranger
 - Opplendskedalen Strynefjellet
 - Fylkesvei 60 Hellesylt – Grodås
 - Gang og sykkelveg Aursneset - Fet

Tenesteyting og utøving av mynde

Regionkommunen Ålesund

- Regionkommunen Ålesund skal ta vare på innbyggjarane sin rettstryggleik med:
 - Kompetent og profesjonell sakshandsaming
 - Tverrfagleg samhandling mellom fagpersonar
 - Open og gjennomsiiktig sakshandsaming med høg etisk standard.

Stranda og Sykkylven kommune

- Sikre gode tenester med god kvalitet til innbyggjarane.
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø.
- Utvikle desentraliserte tenestetilbod som skule, sjukeheimar, helse, barnehagar og kulturtilbod der folk bur.
- Vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass for dei tilsette.
- Rekruttere dyktige medarbeidarar inn i ein samla kompetanseorganisasjon.

Tenesteyting og utøving av mynde

Regionkommunen Ålesund

- Rådhuset skal vere i Ålesund sentrum
- Basistenestene skal i hovudsak vere plassert som i dag.
- Spesialiserte fagmiljø som ikkje er stadbundne skal fordelast mellom tidlegare kommunesenter. Dette både samlar dei kompetente fagmiljøa, men også sikrar kompetansesarbeidsplassar desentralisert i kommunen.

Stranda og Sykkylven kommune

- Servicetorg
 - Begge rådhusa skal ha eit servicetorg som innbyggjarar og næringsliv kan henvende seg til.
- Politisk og administrativ toppleiing
 - Vært lagt til rådhuset i Sykkylven.
 - Ordførar og politisk sekretariat, rådmann, økonomi- og personaladministrasjon.
- Fordeling av kommunale arbeidsplassar
 - Basistenestene skal ikkje restrukturerast som ein del av arbeidet til fellesnemnda.
 - Dei spesialiserte tenestene skal samordnast.
 - Ein skal søke å oppnå slik fordeling av arbeidsplassar som kommunane har i dag.

Demokrati

Regionkommunen Ålesund

- Regionkommunen Ålesund skal sikre levande lokaldemokrati basert på ei vid forståing av demokratiomgrepet og gjennom utprøving av nye former for medverknad.
- Det skal utgreiast konkrete løysingar for e-demokrati.
- Kommunen skal ha formannskapsmodell.
- Kommunestyret skal ha 77 folkevalde.

Stranda og Sykkylven kommune

- Den nye kommunen skal ha formannskapsmodell som styringsform.
- Den nye kommunen skal styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering i heile kommunen.
- Kommunestyret skal ha 33 medlemmer.

Regionkommunen Ålesund

Demokrati

- For å styrke nærdemokratiet og mellomvalsmedverknad vil kommune ha kommunedelsutval
 - Utvala er folkevalde organ, vald ved direkte val
 - Kwart utval kan ha inntil 15 medlemer
 - Kommunedelsutvala skal sikrast tilstrekkeleg administrasjon
 - Kvar utval dekkjer kvart sitt geografiske område, som i utgangspunktet svarar til dei gamle kommunegrensene (Ålesund by kan ha fleire)
- Fellesnemnda vil få i oppgåve å utgreiie demokratisk organisering ut frå føringane i intensjonsavtalen.

Økonomi

Regionkommunen Ålesund

- Kommunane skal legge til rette for heilskapleg planlegging på økonomiområdet som tek omsyn til kommunale planer gjeldande frå 2017 til 2020.
- Alt frå hausten 2016 skal ein nærme seg ein felles økonomiplanprosess.
- Prinsippet er «All in»

Stranda og Sykkylven kommune

- Prinsippet er «all in».
 - Ingen særordningar for dei gamle kommunane vert tatt med inn i den nye kommunen.
- Frå hausten 2016 skal ein starte å tilnærme seg ein felles økonomiplanprosess med blick for å bygge ein ny kommune frå 2020.

Stranda og Sykkylven kommune

Økonomi

- Vi skal:
 - Orienterer kvarandre gjennom styringsgruppa om investeringar slik dei ligg i vedteken budsjett- og økonomiplan.
 - Peike ut dei viktigaste tiltaka slik at den andre kommunen får innsyn i dei.
 - Ikkje selje verdier som t.d. kraftaksjar utan etter drøfting med den andre kommunen.

Stranda og Sykkylven kommune

Kommunen som arbeidsgjevar

- Alle tilsette sine noverande rettar vert aksepterte inn i ein ny kommune.
- Alle tilsette vil få tilbod om stilling i den nye kommunen i tilsvarande storleik og tidsperioda som ein har i noverande kommune.
 - Ved overtall vil den nye kommunen gje tilbod om anna passende arbeid i rimelig avstand.

Stranda og Sykkylven kommune

Kommunen som arbeidsgjevar

- Det partsamansette utvalet (PSU, jfr. Inndelingslova §26) skal lage eit omstillingsdokument som:
 - Harmoniserer ulike reglement
 - Utarbeider felles lønspolitikk for alle tilsette
 - Harminoserer lønsskilnader over tid
 - Tilbyr stimulerande tiltak til leiarar ved overtal.

Interkommunalt samarbeid

Regionkommunen Ålesund

- Fellesnemnda får i oppgave å vurdere kva for samarbeid som bør bli sagt opp, kva som bør bli oppløyst og om det er ønskeleg eller nødvendig å inngå interkommunalt samarbeid på nye områder.

Stranda og Sykkylven kommune

- Fellesnemnda skal gå gjennom alle interkommunale avtalar, med tanke på avvikling, reforhandling eller på anna vis tilpasse til ny kommunestruktur.
- Det er eit mål å redusere talet på interkommunale samarbeid.

Stranda og Sykkylven kommune

IKT/Digitalisering

- Kommunane har ulike IKT-system, og ulike programvare til administrativ sakshandsaming.
 - Dette forvaltningsområdet vil kreve omfattande bruk av omstillingsmidlar til å harmonisere ein felles organisasjon.
- Det er ein klar ambisjon at nye digitale løysingar skal takast i bruk for ei meir positiv oppleving av effektiv sakshandsaming for innbyggjarar og næringsliv.

Stranda og Sykkylven kommune

VAR organisering

- Stranda kommune og Sykkylven kommune har heilt ulike måtar å organisere VAR-området på. Fellesnemnda må særleg vurdere framtidig organiseringsmodell for VAR-området.

Fellesnemnd

Regionkommunen Ålesund

- Etter vedtak om kommunestruktur i juni 2016 skal det setjast ned ei fellesnemnd med 3 representantar med vara frå kvar kommune.
- Inndelingslova regulerer dette arbeidet.

Stranda og Sykkylven kommune

- Fellesnemnda skal opprettast snarast råd etter kommunane har gjort vedtak om samanslåing. Nemnda skal starte arbeidet hausten 2016.
- Til nemnda skal det veljast fire representantar frå kvar kommune.
- Rådmenn frå begge kommuner møter i fellesnemnda fram til prosjektleiar er tilsett.
- Det skal etablerast fellesorgan og partssamansett utval i samsvar med hovudavtalen.

Takk for meg!

Folkemøte i Sykkylven kommune

27. og 28. april 2016

Erlend Krumsvik